

# BACHELOROPPGÅVE

## **Symjeopplæring i Sogn og Fjordane**

Kartlegging av alle kommunane med djupare innblikk i to skular

av

24 Linn Gauthun  
19 Sara Jagedal  
16 Lise Marie Seljen

B3- Idrett og kroppsøving  
ID3-323  
Desember, 2011



## **Forord**

Denne studien er ei bacheloroppgåve utført ved studiet Idrett og Kroppsøving ved Høgskulen i Sogn og Fjordane. Fyrst vil vi takke våre fire informantar som har vore opne, ærlege og ikkje minst imøtekomande. Vi vil og takke vår rettleiar, Frode Fretland for god hjelp og støtte. Vår takksemd går òg til Siv Laila Eriksen for mykje nyttig informasjon og for lån av litteratur. Vi vil òg takke alle kommunane i Sogn og Fjordane for positiv respons. Sist, men ikkje minst vil vi takke Noregs symjeforbund, Kulturdepartementet og Utdanningsdirektoratet for nyttig informasjon og litteratur.

## Innhold

<b>1.0 Innleiing</b> .....	5
1.1 Tema og problemstilling.....	5
1.2 Oppbygging av oppgåva .....	6
<b>2.0 Teori</b> .....	7
2.1 Historikk .....	7
2.2 Norges Svømmeforbund .....	8
2.3 Undersøking med Norges Svømmeforbund, Redningssselskapet og Synovate .....	8
2.4 Optimal symjeopplæring.....	9
2.4.1 Symje og livredningsopplæring .....	9
2.4.2 Læreplan for kunnskapsløftet 2006 .....	9
2.4.3 Konkretisering av kompetansemål.....	10
2.4.4 Mål og progresjon i opplæringa .....	11
2.4.5 Forsvarleg begynnaropplæring .....	11
2.4.6 Utdanningsdirektoratet.....	12
2.4.7 Frå vasstilvenning til symjedyktigheit .....	13
2.5 Livredning og tryggleik .....	14
2.5.1 Norges Livredningsselskap .....	14
2.5.2 Livredningsprøva .....	14
2.5.3 Drukningssulykker.....	15
<b>3.0 Metode</b> .....	16
3.1 Det kvalitative intervju .....	16
3.2 Val av metode .....	17
3.2.1 I forkant av intervjuet.....	17
3.2.2 Utval .....	17
3.2.3 Grunning for val av metode .....	17
3.3 Framgangsmåte.....	18
3.3.1 Dei sju fasane .....	18
3.3.2 Tematisering og planlegging .....	19
3.3.3 Intervjusituasjonen.....	19
3.3.4 Transkribering .....	20
3.3.5 Analyse .....	20

3.3.6 Rapportering .....	21
3.4 Reliabilitet og validitet .....	21
<b>4.0 Resultat og diskusjon</b> .....	<b>23</b>
4.1 Den store og den vesle skulen sitt syn på optimal symjeopplæring .....	24
4.1.1 Tilgang til symjebasseng og prioritering av symjeundervisning i 1. – 4. klasse .....	24
4.1.2 Organisering av symjeundervisning .....	28
4.1.3 Tryggleik .....	36
<b>5.0 Konklusjon</b> .....	<b>40</b>
<b>6.0 Litteraturliste</b> .....	<b>41</b>
<b>7.0 Vedlegg</b> .....	<b>43</b>
7.1 Intervjuguide rektor .....	43
7.2 Intervjuguide lærer .....	44
7.3 Kartleggingsspørsmål til dei ulike kommunane i Sogn og Fjordane .....	46

## 1.0 Innleiing

### 1.1 Tema og problemstilling

Noreg er eit nokså lite land som har frodig og flott natur og er omringa av hav, fjordar, innsjøar og store vassdrag. Vi er eit land som strekkjer seg frå kyst til kyst. Med Nordsjøen som arbeidsplass og stranda som leikeplass er det viktig at born tidleg vert vande med sjø og vatn (Utdanningsdirektoratet 2, 2008).

I media ser vi stadig at symjeundervisninga vert nedprioritert i dagens samfunn. I følgje Norges Svømmeforbund, Redningsselskapet og Synovate si undersøking frå februar 2009 er det berre 49% av alle 5.klassingar som kan symje 200 meter eller lengre samanhengande utan flytehjelpemiddel (Synovate, 2009). I den same undersøkinga er det og tal som seier at berre 57% av 5.klassingane hadde symjeundervisning på skulen i 2009.

Med tal frå denne undersøkinga og omtale i media er det naturleg å spørje seg om kvifor det er slik i dag? Vert symjeundervisninga nedprioritert i Noreg? I vår oppgåve vil vi sjå nærmare på dette temaet. Eit av hovudmåla med denne oppgåva er nettopp å finne ut kvifor tilstanden er som den er i dag, men vi har valt å konsentrere oss om fyrste til fjerde klasse i grunnskulen. Bakgrunnen for dette er at kompetansemåla for kroppsøving i Læreplanen *Kunnskapsløfte* (LK06) seier alle elevar skal vere symjedyktige ved utgangen av fjerde klasse. Av omsyn til oppgåva sin storleik og ei avgrensa tidsperiode på ca. fire månadar valde vi å avgrense undersøkinga til Sogn og Fjordane. I tillegg har vi vakse opp i dette fylket og dermed tykte vi det kan vere interessant å sjå kva fylket har å tilby av symjeopplæring. Kontra har vi sett på korleis symjeundervisninga er organisert ved to skular; ein liten og ein stor, i Sogn og Fjordane.

Sogn og Fjordane er det nest minste fylket i folketal etter Finnmark, det er busett 107 742 innbyggjarar fordelt på 26 kommunar i fylket (Sogn og Fjordane Fylkeskommune). Dei to kommunane vi har teke for oss er relativt små i areal og folketal samanlikna med ein del andre kommunane vi har i Noreg, men vi tykkjer oppgåva og er relevant i nasjonal samanheng.

Årsaka til at vi valde ein større og mindre skule var at vi forventet og håpte på å få ulike svar frå intervju og informantane våre. Vi laga ei hypotese<sup>1</sup> som baserte seg på at den vesle skulen hadde eit dårlegare tilbod enn den store skulen. Vi har òg valt å gå grundigare inn på ein liten og ein stor skule for å finne ut kva utfordringar dei møter og kva tiltak dei gjer for å forsøke å oppnå den optimale symjeundervisninga. Dermed var det òg naturleg at vi i oppgåva presiserte kva som er eit optimalt symjeopplæring i følge Utdanningsdirektoratet 2 (2008).

Problemstillinga vi tykte var fornuftig i forhold til dette temaet er som følgjer:

*I kva grad tilbyr kommunane i Sogn og Fjordane symjeopplæring, og kva gjer den vesle og den store skulen for å oppnå ei optimal symjeundervisning for 1. – 4.klasse?*

## **1.2 Oppbygging av oppgåva**

I innleiinga har vi gjort greie for val av tema, avklart sentrale omgrep og formulert problemstillinga vår. I kapittel 2 vil vi ta for oss teoridelen og gå inn på Norges Svømmeforbund sine omgrep og meiningar om symjeopplæring og kva som ligg i omgrepet optimal symjeundervisning. Vidare vil vi i kapittel 3 presentere val av metode. Kapittel 4 omhandlar sjølve resultata og diskusjon i frå intervju, og i kapittel 5 vil vi kome fram til ein konklusjon som svarar på problemstillinga.

---

<sup>1</sup> Hypotese forbindast med kvantitative prosjekt, men Kvaale argumenterer for at det òg kan brukast til å teste i kvalitative intervju (sjå Kvaale, 2009:180)

## 2.0 Teori

### 2.1 Historikk

Ein kan sjå tilbake til 1850-talet i kongegraver i Egypt og syriske kjelde, der det var bilete av symjarar. Symjedugleiken var òg sentral i antikken. Ein kan sjå på dei greske vasar og myntar at det er avbilda symjarar. Det var både kvinner og menn som utførar ein form for krål som var meir vanleg på den tida. I Romerriket var også bading og symjing utbreidd. Reinslegheit var ein viktig dyd for romarane og badeanlegga fekk sin eigen plass. I den norrøne tida var symjing den mest omtala idretten der også kvinner kunne delta. Kvinnene fekk konkurrere innanfor dugleikar som uthald og snøggleik, (Larsen, 2010), noko som elles ikkje var vanleg i norrøn tid. Grunninga for dette var at sidan kvinnene då var under vatn store delar av konkurransen, kunne ikkje publikum sjå kor mykje kvinna streva og sveitta (Goksøyr, 2008).

Centralforeningen for Udbredelse af Legemsøvelser og Vaapenbruk vart stifta i 1861 (Goksøyr, 2008). Centralforeningen var opptekne av at aktivitetane skulle ha ein nytteverdi i samfunnet, og starta i 1878 eit initiativ der folk skulle lære å symje. Dette initiativet vart avbrote, men starta opp att i 1889, tjue år seinare (Olstad, 1987). I 1893 vart den fyrste symjeklubben danna.

Det har vore fleire initiativ til symjeopplæring på 1900-talet. Allereie i 1911 la Norges Livredningsselskap fram eit forslag om at symjeopplæringa skulle verta eit obligatorisk fag i skulen. Men fyrst etter 2.verdenskrig byrja staten å byggje symjehallar. Rolf Hofmo var i følgje Norges Svømmeforbund ein viktig person når det gjaldt utbygging av symjehallar (Larsen, 2010). Som leiar for STUI (Statens ungdoms- og idrettskontor) som vart stifta i 1946 sat han med mykje makt. Hofmo brukte tippemidlane til å prioritere anleggsutbygging. I frå 1948 satt ein i gong med ei storstilt anleggsutbygging rundt om i Noreg (Goksøyr, 2010).

I 1997 var det ca. 900 basseng som var tilgjengelege for skuleopplæring i symjing. Sidan skulen ”når alle” er det dermed viktig med symjeundervisning. Skulen skal kunne vere i stand til å lære elevane å berge sitt eige og andre sitt liv ”*Skoleeier plikter å gi elevene svømme- og livredningsopplæring, jf. Forskrift til opplæringsloven § 1 – 1, i kroppsøving er det kompetansemål etter 4.årstrinn, 7.årstrinn og etter 10.årstrinn*” (Utdanningsdirektoratet 1, 2008. rundskriv1:Innleiing).

## 2.2 Norges Svømmeforbund

Norges Svømmeforbund er knytt til Norges Idrettsforbund, med eit medlemstal på 49 119 medlemmar. I alt består symjeforbundet av eit sentrallidd, 18 kretsar og 252 medlemsklubbar (Norges Svømmeforbund, 2010). Norges Svømmeforbund sin visjon er å vere den mest framgangsrike idretten i Noreg og å lære alle å symje (Larsen, 2010). *“Norges Svømmeforbund er som særforbund forskjellige fra de fleste andre, fordi det ikke kun er en konkurranseidrett som bedrives i våre klubber. Det ligger en bunnløs idealisme i vår organisasjon om å lære alle å svømme, og den står sterkt, ja kanskje sterkere enn noen gang i vår hundreårs historie”* (Larsen, 2010:forord).

## 2.3 Undersøking med Norges Svømmeforbund, Redningsselskapet og Synovate

Synovate gjennomførde i 2009 ei undersøking på oppdrag frå Norges Svømmeforbund og Redningsselskap, der målet deira var å kartleggje symjedyktigheita til 5.klassingar og kroppsøvingslærarar over heile landet. (Det har og vore gjennomført ei slik undersøking i 2003, som har vorte samanlikna med undersøkinga i 2009). Deira metode var å bruke postale skjema som skulle fyllast ut i samband med symjeundervisninga. Utvalet blei kvotert på fylke, rekruttering av 10-11 tilfeldige skular per fylke frå ei liste motteken av Svømmeforbund (Synovate, 2009). Synovate intervjuar 2807 elevar og 163 lærarar, brutto tal skular 200, netto tal skular 163 (82% svarrespons). Resultata omhandlar 5.klassingar fordelt på nitten fylke. Det vert totalt 61 119 5.klassingar i Noreg i 2009 (Synovate, 2009).

I undersøkinga får vi vite kor mange prosent av 5.klassingar frå kvart fylke som har symjeundervisning. Her kan vi sjå at Buskerud med 17 % , Hordaland med 22% og storbyen Oslo med 23% ligg lågast på tabellen, medan Troms med 97% og Vest-Agder med 95 % ligg på toppen av tabellen. Sogn og Fjordane har ein prosent på 84 og er eit av dei nitten fylka som ligg øvst på tabellen.



Om ein fekk med alle klassetrinna viser det seg at 99% av skulane i landet hadde tilbod om symjeopplæring for fyrste- til tiandeklasse i 2009 (Synovate, 2009). I undersøkinga kom det og fram at:

- Sogn og Fjordane var ein av dei fem lågaste med tal symjehalla i fylket, og Finnmark låg øvst på tabellen.
- over 50 % av elevane lærte å symje på ferie, og i underkant av 20 % lærte å symje på skulen.
- 49% av 5. klassingane kunne symje 200 meter eller lengre samanhengande utan flytehjelpemiddel.
- 57% av 5. klassingane hadde symjeundervisning, og 42% hadde ikkje symjeundervisning, noko som utgjorde ca. 25 000 5. klassingar
- 98% av lærarane hadde vore deltakar på kurs i livredning i vatn. 55% av lærarane hadde tatt livredningsprøva ein gong, 3% meir enn i 2003, og 33% hadde tatt den 2 gongar, 14% meir enn i 2003. Halvparten av lærarane oppgav at i 4. klasse burde elevane seinast vere symjedyktige

(Synovate, 2009).

## 2.4 Optimal symjeopplæring

### 2.4.1 Symje og livredningsopplæring

Representantar frå Norges Svømmeforbund, Norges Livredningsselskap og Norges idrettshøgskole har på oppdrag frå Utdanningsdirektoratet utarbeida eit støttemateriell som skal vere til nytte for lærarar og instruktørar som driv med symje- og livredningsundervisning i grunnskulen (Utdanningsdirektoratet 2, 2008). Heftet gjev ei rettleiing i korleis lærarar og instruktørar kan gjennomføre ei optimal symjeopplæring.

### 2.4.2 Læreplan for kunnskapsløftet 2006

Grunnskulen si oppgåve er å føre kulturarven vidare og gje elevane kompetanse og moglegheit til å utvikle seg sjølve (Brattenborg & Engebretsen, 2007). Kompetansemåla for kroppsøving som står i LK06 seier at 1- til 4. klasse skal vere trygg i vatnet og symjedyktige. Elevane må òg gjere greie for farane ved ferdast på og ved vatn (Kunnskapsdepartementet, 2005).

### 2.4.3 Konkretisering av kompetansemål

Kva det vil seie å vere symjedyktig er eit spørsmål som har vorte mykje diskutert. Det syner seg at det er ulike oppfatningar om det å vere symjedyktig. Utdanningsdirektoratet sitt forslag til definisjon frå 2008 er: *“Rull uti på dypt vann. Svøm 100m på magen. Stopp og hvil (flyt på mage, rull over og flyt på rygg) samlet i tre minutter. Svøm deretter 100m på rygg”* (Utdanningsdirektoratet 2, 2008: 18). Dette er ikkje noko vedteke krav til symjedyktigheit frå utdanningsmyndigheitene, men meir ein peikepinne på kva symjedyktighet er.

Det å vere trygg i vatn er ifølgje Utdanningsdirektoratet 2 (2008) at elevane skal vere vasstilvende og meistre kjernefunksjonane dykke og flyte. Den andre delen av kompetansemålet, nemleg det å kunne ferdast på og ved vatn, og gjere greie for farane, omhandlar at elevane skal kunne vurdere sin eigen tryggleik. Det kan dreie seg om bade-, sjø- og isvett, men i denne samanhengen er det snakk om å sjå meininga med nytte av redningsvest (Utdanningsdirektoratet 2, 2008).

I følgje Utdanningsdirektoratet 2 (2008) skjer den gradvise meistringa av forholda i vatn ved å utvikle dei fire grunnleggjande dugleikar, å kunne dykke, flyte, gli og skape framdrift. Sjå figur 1 side 13. For at ein skal lære å symje må eleven kunne dykke og opphalde seg under vatn og kunne orientere seg der. For at eleven skal kunne meistre dette krev det at ein må halde pusten og ha opne auge under vatn. Det å kunne flyte inneber at ein får ei kjensle av at vatn løftar kroppen. Det er heilt sentralt i symjeopplæringa at eleven lærar seg å påverke oppdrifta i vatnet både horisontalt og vertikalt. Å gli under vatn eller i overflata er flyting i rørsle. Å gli føreset at eleven skal kunne flyte på mage og rygg og halde pusten. Framdrift vert erfart gjennom at eleven merkar motstand i vatn ved å bevege seg på alle slags måtar. Eleven lærar både å utnytte og redusere denne motstanden for å få framdrift og ta seg fram i ulike retningar (Utdanningsdirektoratet 2, 2008). Alle desse fire grunnleggjande ferdigheitene er avhengige av kvarandre. *“Å dykke må ses i sammenheng med å flyte, å flyte i sammenheng med å kunne gli, å gli i sammenheng med å skape fremdrift osv”* (Utdanningsdirektoratet 2, 2008:29).

#### 2.4.4 Mål og progresjon i opplæringa

Utarbeiding av læreplanen er eit lokalt ansvar. Det vil sei at det er ei stor utfordring for skulane å ivareta progresjonen i opplæringa. Kompetansemåla knytt til symjing og livredning i læreplanen i kroppsøving krev ein progresjon frå 4.årstrinn til 7.årstrinn og vidare til 10.årstrinn (Utdanningsdirektoratet 2, 2008).

For å få ei optimal symjeopplæring er det i følgje Utdanningsdirektoratet 2 (2008) viktig at skulane set seg lokale mål for opplæringa i symjing og livredning, og deretter kome fram til kva kjenneteikn eleven skal vurderast i forhold til. For å spesifisere det litt meir kan ein sei at skulane lokalt må finne ut kva som er høg og låg måloppnåing. Det er ein føresetnad at progresjonen i opplæringa vert følgt opp, sidan kompetansemåla byggjer på kvarandre. Om det skulle vere tilfelle at enkelte elevar utviklar seg dårlegare enn andre, er det aktuelt med oppfylging. *“En tommelfingerregel kan være at høyeste måloppnåelse på 4.årstrinn er laveste måloppnåelse på 7.årstrinn, og høyeste måloppnåelse på 7.årstrinn er laveste måloppnåelse på 10.årstrinn”* (Utdanningsdirektoratet 2, 2008:14).

*Opplæringen i grunnskolen går fra å bli svømmedyktig til å bli en bedre svømmer og i stand til å berge seg selv under mer varierte forhold for til slutt å kunne redde andre* (Utdanningsdirektoratet 2, 2008:14).

#### 2.4.5 Forsvarleg begynnaropplæring

Når ein skal starte symjeopplæringa for elevar som aldri har hatt symjeundervisning tidlegare er det ein del forhandsreglar som ein må helde seg til. Før første timen er det i følgje Utdanningsdirektoratet 2 (2008) viktig at læraren kartlegg kva slags erfaringar og dugleikar elevane har med å opphalde seg i vatn. Alle elevar er ulike. Nokon berre stup uti, mens andre vel å bruke stigen. For at eleven skal kunne utvikle seg mest mogleg må læraren dermed kjenne til kva nivå eleven er på. Det er fleire ulike måtar å gjere dette på. Blant anna er det lagt til ulike testøvingar i støttemateriellet for lærarar og instruktørar i grunnskulen. Eit døme i frå dette vedlegget er: *“Testøvelse 4 vanntilvent: Eleven står i hoftedypt vann og lar en partner sprute vann på seg. Det er lov til å beskytte seg med armene, men ikke snu seg vekk. Eleven må la seg sprute på i minst 15 sekunder, og hendene skal ikke holdes foran ansiktet!”* (Utdanningsdirektoratet 2, 2008: 46).

Etter anbefaling i frå Utdanningsdirektoratet 2 (2008) burde den første grunnleggjande symjeopplæringa skje i frå fyrste til fjerde klasse. Det tar ca. 40 skuletimar frå ein elev i frå fyrste til fjerde klasse startar med vasstilvenning til eleven er symjedyktig.

#### 2.4.6 Utdanningsdirektoratet

Rundskriv 1-2008 frå Utdanningsdirektoratet omhandlar forsvarleg symje- og livredningsopplæring i grunnskulen. I dette rundskrivet er det reglar som omhandlar symjeundervisninga: Det er skuleeigaren som har klare krav og retningslinjer for skulens symjeopplæring slik at førebygginga for ulykker og andre uheldige episodar unngåast i stor grad (Utdanningsdirektoratet 1, 2008). Vi vil då ta føre oss dei viktigaste paragrafane i opplæringslova.

- Det er skuleeigar som *"plikter å gi elevene svømme- og livredningsopplæring, jf. Forskrift til opplæringsloven §1-1. I kroppsøving er det kompetansemål etter 4.årstrinn, 7.årstrinn og etter 10.årstrinn"* (Utdanningsdirektoratet 1, 2008:innleiing).
- Forskrift til opplæringslov §12-1: Utgangspunktet for symjeopplæringa er at den skal vere forsvarleg.
- Forskrift til opplæringslova § 12-1 a: *"Når skolen er ansvarleg for tryggleiken til elevane, må tilsynet i praksis være forsvarlig i forhold til risikoen for at skade eller ulykke kan skje"*(Utdanningsdirektoratet 1, 2008: forskrift til opplæringsloven).
- Forskrift til opplæringslova §12-1 b: *"I situasjonar der skolen er ansvarleg for symjing og bading i grunnskolen, skal det alltid vere ein tilsyneansvarleg, vaksen person til stades. Dersom den gruppa skolen har ansvar for, overstig 15, skal tilsynet aukast med ein vaksen tilsynsperson for kvar påbegynt gruppe på 15. Dei som fører tilsyn, må vere flink til å symje og dykke, og må kunne livredning"* (Utdanningsdirektoratet 1, 2008:forskrift til opplæringsloven). Dette gjeld òg når det er elevar som treng særskilt tilrettelegging og ekstra tilsyn, som til dømes elevar med vasskrekk, epilepsi, nedsett funksjonsevne etc.


Alarmplanen og tryggleiksinstruksar for symjehallen er noko som symjelæraren og tilsynspersonen må kunne. Tryggleiksreglane er med på å førebygge ulykker, det kan til dømes vere å ikkje springe på bassengkanten, berre tillete å hoppe eller stupe på anviste stadar, merking av djupt og grunt vatn (Utdanningsdirektoratet 1, 2008).

Utdanningsdirektoratet 1 (2008) anbefaler at alle skular har ein slik alarmplan for bading og aktivitetar utandørs og at dei tilsette har kjennskap til denne. Målet med ein alarmplan er å gjere redninga mest mogleg effektiv.

Rektor på skulen har ansvar for at det vert årlege kontrollar og oppfriskingskurs for livberginga. Kurset består av ein gjennomgang av ulike dugleikar som er viktig for å sikre forsvarleg symje- og livredningsopplæring, livreddande fyrstehjelp og grunnleggjande tryggleiksreglar. Symjelærarar må bestå ein praktisk livredningsprøve. Det er ein kompetent instruktør tilstade som kan dokumentere prøva og kurset for symjelærarane som tar dette (Utdanningsdirektoratet 1, 2008).

#### 2.4.7 Frå vasstilvenning til symjedyktigheit

For at elevane frå fyrste til fjerde klasse skal kunne utvikle seg frå vasstilvenninga og over til å vere symjedyktig, vil det vere naturleg å følgje ein metodisk rekkefølge.



Figur 1, Ulike fasar frå vasstilvenning til symjedyktigheit (modifisert etter Madsen/Irgens, 2005) (Utdanningsdirektoratet 2, 2008:26).

Utdanningsdirektoratet sine retningslinjer for begynnaropplæringa er:

- Ta utgangspunkt i noko elevane meistarar og la dei bevege seg mot noko dei ikkje meistarar. Grensene skal flyttast, men ikkje brytast.
- Unngå bruk av flytemidlar og andre hjelpemidlar. Dette kan hemme utviklinga.
- Prøv å la elevane få oppdage og meistre sjølv.
- Sett i gong med øvingar der eleven vert i stand til å beherske basisfunksjonar. Elevane har lettare for å lære viss dei allereie veit korleis dei skal flyte eller ta seg inn til kanten.
- Ivareta allsidigheita. Vel aktivitetar der elevane både kan symje på rygg og på mage.
- Varier vanskegrad, utfordring og utføring av øvingane for motivasjonens skuld.

(Utdanningsdirektoratet 2, 2008).

Ein viktig del av vårt prosjekt har vore å sjå i kor stor grad skulane følg retningslinjene for optimal symjeopplæring.

## 2.5 Livredning og tryggleik

### 2.5.1 Norges Livredningsselskap

Norges Livredningsselskap vart danna den 6. Juli 1906.

*”Norges Livredningsselskap er en landsomfattende ideell organisasjon som arbeider for å fremme kunnskap og ferdighet om svømming, livredning og sikkerhet. Vi arbeider med opplysning og forebyggende tiltak gjennom opplæring av publikum og det offentlige, og utdanning av instruktører”* (Norges Livredningsselskap 1). Norges Livredningsselskap har ulike lovar der hovudmåla er å spreie dugleikar i symjing og livredning (Norges Livredningsselskap 2).

### 2.5.2 Livredningsprøva

For å verta ein symjeinstruktør er det forskjellige krav og kvalifikasjonar ein må ta omsyn til. Desse krava gjeld òg lærarar som undervis i symjing. I Utdanningsdirektoratet 1 (2008) står der at ein må vere fylt atten år, ha kunnskap til å kunne undervise i symjing og livredning, og å kunne utføre livredning i praksis. Prøva stiller krav til at symjelæraren må dykke ned til botn på den djupaste delen av bassenget og hente opp ein gjenstand på størrelse og vekt som tilsvara ein elev. Symjelæraren må òg kunne beherske hjarte- lunge- redning.

I tillegg må symjelæraren ha kjennskap til alarmplanen og tryggleiksinnstruksar for symjehallen. Det å kunne førebyggje ulykker, kjenne til dei grunnleggjande tryggleiksreglane for dette er like viktig, til dømes ikkje springe på bassengkanten, hoppe og stupe der det er tillete (Utdanningsdirektoratet 1, 2008). Det er like viktig at kunnskapen og dugleikane vert haldt ved like ved å ta livredningsprøva årleg samt å ta nokre oppfriskingskurs.

### 2.5.3 Drukningssulykker

Det som kan vere med på å unngå ein drukningssituasjon, er sjølvberging. Då er det nokre utfordringar knytt til ein slik situasjon som påverkar kva sjølvberging består av. I ein artikkel i bladet Kroppsøving fortel Mats. D. Melbye frå Norges Livredningsselskap at symjeopplæringa skal vere med på å førebygge drukningssulykker, men då burde ein ikkje ha for stort fokus på berre å lære spesielle symjeteknikkar, men heller det generelle med å kunne halde hovudet over vatnet og det å kunne kome seg framover, (til dømes ”hundesymping” ein teknikk som alle kan).

I 2009 var det i følge Norsk Folkehjelp i bladet Kroppsøving 105 drukningssulykker utandørs og dei fleste ulykkene skjer ikkje lenger enn omtrent 15 meter i frå redningsmoglegheit. Det er mange som hamnar i sjøen med klede, det vil sei jakke, bukse, støvlar, sko osv., noko som har stor påverknad for symjinga og sjølvberginga. Mange born og eldre, sym berre i symjehallar der ein som regel ikkje får erfaringar med det å symje i kaldt vatn, straum og bølge. Ein vil då lettare kunne få panikk, kuldesjokk, verta nedkjølt og utmatta når ein hamna i sjøen eller andre farevatn. Sjølv om mange kan symje, treng det ikkje bety at ein då kan beherske det å berge seg sjølv.

Melbye forklara i bladet Kroppsøving, ein god metafor *”Å lære noen å svømme uten å lære dem selvberging og forvente at de da skal kunne unngå eller redde seg ut av en drukningssituasjon er som å gi en opplæring i å kjøre bil på lukket bane uten å lære trafikkregler eller å tolke trafikkbilde, og forvente at de skal kunne kjøre trygt og sikkert i trafikken”* (Kroppsøvingsbladet, 2011:11).

I studiet har vi òg lagt vekt på kor stor grad dei to skulane i Sogn og Fjordane fokuserte på livredning og tryggleik i symjeopplæringa.

### 3.0 Metode

Metode er reiskapen vår i møte med noko vi vil undersøke. Den hjelper oss til å samle inn data og den seier noko om korleis ein burde gå fram for å skaffe eller etterprøve kunnskap. I metodeboka Dalland siterar Vilhelm Aubert om kva metode er:

*En metode er en fremgangsmåte, et middel til å løse problemer og komme fram til ny kunnskap. Et hvilket som helst middel som tjener dette formålet, hører med i arsenalet av metoder* (Dalland, 2008:83).

Om det er mange spørsmål eller problem kring emna, så er det ulike metodar ein kan velje å bruke. Ein må fyrst finne ut kva ein skal undersøkje og da gå djupare inn på korleis ein vil gjer det (Dalland, 2008). Vi skil mellom kvantitativ og kvalitativ metode. Kvantitativ metode tar for seg eit mykje større felt og tal, altså eit stort utval. Til dømes systematiske spørjeundersøkingar (Thagaard, 2009), der det som regel er faste svaralternativ, som alder, kjønn, status osv. Her kan vi få fleire svar frå individ på ei avgrensa tid. Den kvalitative metoden tar for seg eit mindre felt og går meir i djupna, eller for å seie det på ein anna måte at den gjev mykje informasjon om få einingar. Til dømes intervju, direkte observasjon, lyd - og bildemateriell og skrivne dokument med personlige preg (Thagaard, 2009).

#### 3.1 Det kvalitative intervju

Eit kvalitativt intervju er ein samtale kor vi hentar inn direkte informasjon, der intervjuaren stiller opne spørsmål og får uformelle svar tilbake frå informanten. Kvale og Brinkmann karakteriserer i boka Johannessen et al. (2010) det kvalitative forskingsintervjuet som ein samtale med ein struktur og eit formål. Strukturen i eit slikt intervju er knytt opp mot rollefordelinga mellom informanten og intervjuar (Johannessen et al. 2010).

Når ein gjennomfører eit forskingsintervju kan det vere fleire forhold som er med på å påverke kvaliteten. Med eit godt intervju kan ein hente inn mykje verdifulle materiale som er med på å belyse oppgåva (Dalland, 2007). I den kvalitative metoden er det meir ein form for eit spontant og fleksibelt intervju utan faste svaralternativ, noko som vi fekk erfare under intervjuet.



## 3.2 Val av metode

Fyrst i oppgåva valde vi å kartleggje Sogn og Fjordane for å sjå om alle kommunane hadde basseng og dermed kunne tilby symjeopplæring, og kva dei gjorde om dei ikkje hadde det. Vi tok kontakt med kommunane ved å sende e – post, og dei som ikkje responderte kontakta vi per telefon. Vi presiserte at vi ville bevare anonymiteten deira, slik at vi fekk reliable resultat. Dette er nærmare forklart i reliabilitet og validitets avsnitte. Kartlegginga var ein liten del av prosjektet vårt. Fyrst og fremst konsentrerte vi oss om ein liten skule og ein større skule i Sogn og Fjordane, for så å finne ut kva dei gjorde for å oppnå ei optimal symjeopplæring.

### 3.2.1 I forkant av intervjuet

Som eit utgangspunkt ville vi ta føre oss ein stor skule i ein høg folketettleik kommune og ein liten skule i ein låg folketettleik kommune, for så å gå litt grundigare inn på dei to skulane. Vi har valt å ikkje namngi skulane på grunnlag av avgrensa informasjon frå informantane. Det vi kan gje av informasjon er at informantane er to rektorar og to symjelærarar. Grunnen til at vi valde nettopp desse informantane var på grunnlag av at rektor har hovudansvaret på skulen og sit med ein god del informasjon om symjeopplæringa. Rektor har òg ansvar for at personar som skal ha tilsyn med symjeopplæringa gjennomfører den årlege livredningsprøva (Utdanningsdirektoratet 1, 2008). Vi valde òg å intervjuja symjelærarar, nettopp fordi at det er dei som har ansvar for sjølve undervisningsopplegget.

### 3.2.2 Utval

Den vesle skulen har i overkant 100 elevar fordelt på 1. – 7.klasse. Den store skulen har eit elevtal på omlag fem gonger så mykje. Grunnen for dette valet var at vi ville sjå om tilboda på den vesle og den store skulen var forskjellige (Sjå hypotese, s. 6).

### 3.2.3 Grunning for val av metode

I oppgåva har vi valt å bruke kvalitative forskingsintervju då dette var mest relevant. Vi ynskte å la informantane få fram sine ord, uttrykk og erfaringar på ein best mogleg måte, noko ein då ikkje ville fått fram ved ei spørjeundersøking. Ut i frå vår forskning ynskte vi å intervjuje informantar som har kunnskap og erfaringar innan området, på to forskjellige stadar. Dermed får vi eit meir heilskapleg syn på oppgåva sitt mål.

### 3.3 Framgangsmåte

I denne delen av oppgåva skal vi gå djupare inn på korleis vi arbeidde oss gjennom intervjuundersøkinga i form av dei sju fasane. Dei fasane vi har vald å bruke som utgangspunkt er tematisering og planlegging, intervjusituasjon, transkribering, analyse og rapportering.

#### 3.3.1 Dei sju fasane

Når ein skal gjennomføre eit intervju er det ingen bestemte oppskrifter ein er nøydd til å følgje, men det er nokre teknikkar som er skal veljast for dei ulike trinna i ei intervjuundersøking (Kvale & Brinkmann, 2009). *“Formålet er å sette intervjuforskeren i stand til å treffe veloverveide beslutninger om metode, basert på kunnskap om temaet for undersøkelse, de foreliggende metodiske valgene, deres etiske implikasjoner og valgenes forventede konsekvenser for intervjuprosjektet som helhet”* (Kvale & Brinkmann, 2009: 115).

1. Tematisering – i denne delen av dei sju fasane er hovudoppgåva å formulere formålet med sjølve undersøkinga. Her må ein innhente forkunnskapar om emnet og danne eit grunnlag for å stille relevante spørsmål
2. Planlegging – i denne fasen må ein planleggje korleis ein vil få tak i den informasjonen ein vil ha. Ein må ta omsyn til alle dei sju fasane i denne fasen.
3. Intervjusituasjon – i fase tre er det sjølve gjennomføringa av intervjuet som står i fokus. Gjennomføringa bør skje på bakgrunn av ein intervjuguide.
4. Transkribering – her er hovudpoenget å kunne overføre frå tale til tekst. Ein skal gjere intervjuet klart for sjølve analysen.
5. Analyse – det er i denne fasen ein skal løfte opp sjølve intervjumaterialet. Ein skal skape struktur av noko som allereie er litt ustrukturert. Ein skal samle opp viktige element i frå intervjumaterialet og framleis halde den raude tråden.
6. Verifisering – finne ut om intervjufunna er valide og reliable. Relibilitet seier noko om kor påliteleg resultatata er. Validiteten seier noko om kor gunstig resultatata er i forhold til oppgåva.
7. Rapportering – tar for seg sluttproduktet i sjølve analyse. Her er det om å gjere å skaffe seg best mogleg oversikt over intervjufunna og gjere dei så strukturert som mogleg.

(Kvale & Brinkmann, 2009).

### 3.3.2 Tematisering og planlegging

I ei bacheloroppgåve ligg det mykje førebuingsarbeid til grunn. For at vi skulle få eit betre innsikt i tema, valde vi då å bruke kvalitativ intervju som metode. Dette gjorde vi bevisst då det ville gje oss raskt og direkte resultat og meir informasjon frå eit lite og avgrensa område. I forkant av intervjuet lagde vi ein intervjuguide med korte og opne spørsmål. Vi sikra òg for at vi hadde gode oppfølgingsspørsmål. Vi fekk ei blanding av eit utstrukturert intervju der vi på førehand har gitt tema og tilpassa spørsmåla til den enkelte intervjusituasjon, og eit semistrukturert eller delvis strukturert intervju kor vi har ein overordna intervjuguide som er utgangspunktet for intervjuet, medan spørsmål, tema og rekkjefølje kan varierast. Her er det då lettare for intervjuaren å bevege seg fram og tilbake i intervjuguiden (Johannessen et al. 2010). Vi informerte òg informanten om at det skulle vere anonymt og at vi ville bruke ein diktafon under intervjuet.

Vi kontakta nokon av informantane per telefon og nokon ved å møte dei personleg. Grunnen til at vi ville gjere det slik var fordi vi hadde god kjennskap til informantane. Da vi er tre som skriv denne oppgåva valde vi å dele oss opp. To av oss var på den store skulen og ein på den vesle skulen. Vi opplevde at to av informantane virka opptekne og foreslo å ta intervjuet på telefon. Vi vart einige om å gjennomføre intervjuet på informantane sin arbeidsplass. Dei to andre informantane viste raskt interesse og tok seg tid til eit intervju. Vi informerte intervjuobjekta om kva studien gjekk ut på, kva vi hadde tenkt og kva målet for oppgåva var. Då hadde informanten noko bakgrunn for kva intervjuet skulle dreie seg om, og hadde høve til å førebu seg på det.

### 3.3.3 Intervjusituasjonen

*“I intervjusituasjonen blir kunnskap til mellom intervjuerens (inter) og den intervjuedes synspunkter (views)”* (Kvale 2007:72). Det er denne delen av forskinga som er interessant. Her ville vi få til ein god intervjusituasjon for å kunne formidle oss godt og for å kunne innhente informasjon frå informanten. For at vi skulle få gode resultat var vi oppteken av korleis vi skulle oppføre oss i sjølve intervjusituasjonen. Språkbruken, klede, humor, nervøsiteten, omgivingane og dei tekniske hjelpemidla er alle faktorar som spelte inn.

Vi starta sjølve intervju med å introdusere oss sjølve og presentere oppgåva vår. Vi presiserte igjen at resultat og funn ikkje ville bli namngitt. Undervegs i intervju sørja vi for å få mykje informasjon. Dermed stilte vi relevante og opne spørsmål, og kom med gode oppfølgingsspørsmål. Vi framstod som gode lyttarar. Sidan vi brukte diktafon gjennom alle intervju var det tilrettelagt for at vi kunne bruke tid på å fokusere på intervju, i staden for å vere opptekne med å notere undervegs.

*“En hermeneutisk tilnærming legger vekt på at det ikke finnes en egentlig sannhet, men at fenomener kan tolkes på flere nivåer”* (Thagaard 2009:39). Ein kan òg forklare hermeneutikken som ein måte å fortolke noko på. I følge Gilje og Grimen i Dalland (2008) vil det seie at ein gjer eit forsøk på å gje våre eigne meiningar om noko som verkar uklart eller om det er noko ein ikkje heilt forstår. Dermed kan ein seie at målet med hermeneutikken er å oppnå ei valent forståing av meininga i intervjuteksten. Det vi tok som utgangspunkt var at vi måtte gje ei meir omfangsrik skildring av tolkinga. Noko som vi viser til i resultat- og diskusjonsdelen. Dermed vart det avgjerande for oss å vere observante når det gjaldt informanten si meining om si eiga utsegn.

### **3.3.4 Transkribering**

Transkribering av eit intervju er ikkje berre ein enkel prosess, men ein tolkingsprosess i seg sjølv (Kvale, 2007). I transkriberingsfasen valde vi å dele opp dei ulike intervju, sidan alle ikkje var delaktige i samtlege intervju. Dette gjorde vi på bakgrunn av ynskje om høg validitet og reliabilitet, som vi kjem til seinare i dette kapitlet. Ettersom vi brukte diktafon under intervju fekk vi med oss alt av ordval, tonefall, pausar og lydar. Vi tok oss god tid til å lese grundig gjennom intervju slik at vi fekk bearbeidd alle inntrykk. Dette valde vi bevist å gjere, slik at vi ikkje skulle oversjå viktige element i ein tidleg fase.

### **3.3.5 Analyse**

*“Analysen skal hjelpe oss til å finne ut hva intervjuet egentlig har å fortelle”* (Dalland, 2008:173). I analysen fekk vi med alle detaljane som var relevante for vår teoridel. Vi kategoriserte dei ulike emna frå transkripsjonen for å få ei god oversikt. Gjennom analysen var vi merksam på å halde den raude tråden i oppgåva, slik at vi kunne få svar på vår problemstilling.

### 3.3.6 Rapportering

*“Det å arbeide mot sluttrapporten helt fra begynnelsen av, vil bidra til en lesbar rapport av metodologisk veldokumenterte og interessante funn”* (Kvale 2007:184). I rapporteringsfasen valde vi å fokusere på kva vi har kome fram til gjennom intervjuet. Vi ville finne ut korleis vi kunne knytte dette opp mot vår problemstilling. Vi brukte mykje tid på å lese gjennom transkripsjonen og analysen for å finne ut nettopp kva som var relevant.

Eit hjelpemiddel var at vi nytta sitat som vi kunne kople opp mot resultat- og diskusjonsdelen for å vise ulike samanhengar. I resultatdelen vil vi ikkje sitere direkte, det vil seie å unngå pausar, lydord og dialekt. Dermed kom meiningsinnhaldet fram og det vart flyt i teksten.

### 3.4 Reliabilitet og validitet

*“Reliabilitet kan knyttes til spørsmålet om en kritisk vurdering av prosjektet gir inntrykk av at forskningen er utført på en pålitelig og tillitvekkende måte”* (Thagaard, 2009:198). For å få svar på kor reliable og valide våre resultat er, arbeidde vi oss gjennom dei sju fasane.

Reliabilitet vert ofte knytt opp mot intervjustadiet, transkripsjonsstadiet og analysestadiet. Det er eit faktum at leiande spørsmål kan påverke svaret frå informanten. Det kvalitative forskingsintervjuet er velegna til å bruke leiande spørsmål for å sjekke intervjuvaras reliabilitet. Dermed kan leiande spørsmål føre til at ein får svar på informasjon som ein mistenker vert halde tilbake (Thagaard, 2009). I intervjuet hadde vi ikkje leiande spørsmål, men nokre av oppfølgingsspørsmåla vart ubevisst leiande. Måten vi formulerte spørsmåla på gjorde at vi fekk meir reliable svar frå informanten. Sidan vi brukte diktafon i intervjuet måtte vi transkribere til skriftleg tekst. I transkripsjonsstadiet delte vi opp arbeidet ut i frå dei intervjuet vi deltok i, slik at vi fekk ein reliabel transkripsjon.

*“Validitet handler om gyldighet av de tolkninger forskeren kommer frem til”* (Thagaard, 2009:201). Validitet vert ofte knytt opp mot dei sju fasane og vi har vald å arbeide oss ut i frå nokre av dei (Thagaard, 2009). Tematisering omhandlar kor relevant intervju spørsmåla er i forhold til problemstillinga. Gjennom intervjuet hadde vi ei anna problemstilling, men vi klarte å få svar på den endelege problemstillinga. Dei etiske sidene i planleggingsfasen handlar om å sikre konfidensialitet og vurdere kva konsekvensar forskinga kan ha for informanten (Thagaard, 2009). Vi informerte intervjuobjekta om at alt skulle vere anonymisert og at vi har fått førespurnad om dele det endelige sluttproduktet til andre som har interesse.

Gjennom intervjuet fekk vi ein truverdig samtale. Dette gav oss nyttig informasjon, og vi nytta oppfølgingsspørsmål om det var noko uklarheit. I transkriberinga siterte vi direkte frå diktafonane ved å ta med pausar, lydord og dialekt. Dette gav ei gyldig overføring frå munnleg til skriftleg form.

I kartlegginga av kommunane i Sogn og Fjordane informerte vi òg om at resultatane vart anonymisert, slik at det ikkje skulle vere mogleg å spore tilbake til dei forskjellige kommunane. Vi kan ikkje sei at funna er 100% valide, på grunnlag av at det krev ei djupare forskning.

## 4.0 Resultat og diskusjon

Gjennom vår forskning ynskte vi og å kartleggje om kommunane i Sogn og Fjordane hadde tilgang til symjeundervisning, i form av basseng. Dette gjorde vi for å få eit bilete over symjeopplærings-situasjonen. Ettersom den vesle og den store skulen er ein del av Sogn og Fjordane, vart dette interessant for å skaffe eit heilskapleg bilete.

**Tabell**

<b>Har basseng og nyttar det</b>	<b>22</b>
<b>Har basseng, nyttar nabokommunen</b>	<b>1</b>
<b>Har ikkje basseng, nyttar nabokommunen</b>	<b>3</b>

Ut i frå våre funn viser det seg at Sogn og Fjordane kjem godt ut når det gjeld tilgang på symjeopplæring. Dette kan samanliknast med Norges Svømmeforbund, Redningsselskapet og Synovate si undersøking i frå 2009. Der spørsmålet var om kor mange av femteklassingane som hadde symjeundervisning i 2009. I den undersøkinga viste det seg at Sogn og Fjordane hadde ein prosent på 84, noko som tilsvarar ein femteplass på landsbasis. Etter at vi kartla dei 26 kommunane i Sogn og Fjordane kom vi fram til at 22 kommunar hadde tilgang på basseng og driv symjeundervisning. Tre kommunar hadde ikkje basseng, og vel dermed å nytte andre tilbod i nabokommunen. Ein kommune hadde basseng, men vel å reise til nabokommunen og nytte deira tilbod.

Gjennom funna kunne vi sei at vår undersøking og den tidlegare undersøkinga gjort av Norges Svømmeforbund, Redningsselskapet og Synovate stemde godt overens, men med atterhald til reliabilitet og validitet, som er skildra i kapittel 3.4.

Fyrst og fremst vil vi belyse våre funn i dei intervjuja vi gjennomførte på den vesle og den store skulen. Gjennom utvalde skildringar og sitat vil vi få fram relevante delar frå vår datainnsamling. Vidare i dette kapittelet vil vi kople våre datafunn opp i mot vår teori. Vi har vald å tematisere intervjuobjekta sine sitat og skildringa.

Fyrste temaet omhandlar informantane sine erfaringar når det gjeld *tilgangen* dei to skulane har på *symjeopplæring*. Dette tykkjer vi er relevant sidan ein er avhengig av basseng for å drive symjeundervisning. Det andre temaet belyser kva intervjuobjekta gjorde for å oppnå ei *optimal symjeopplæring*, nemleg sjølve organiseringa og kva informantane valde å fokusere på i symjeundervisninga. Det siste temaet vil dreie seg om kva intervjuobjekta tykkjer var viktig i forhold til *tryggleik*.

Ut i frå desse tema ynskjer vi få svar på vår problemstilling: *I kva grad tilbyr kommunane i Sogn og Fjordane symjeopplæring, og kva gjer den vesle og den store skulen for å oppnå ei optimal symjeundervisning for 1. – 4.klasse?*

### Inndeling av tema

I fyrste temaet om tilgang på symjeundervisning var det i hovudsak berre rektoren som kom med ulike skildringar og sitat. Det er rektoren som har oversikt over dette. Symjelæraren kom òg med ein del innspel. I det andre temaet var det i hovudsak symjelæraren sine synspunkt som var midtpunktet, men her vil òg rektor kome med kommentarar. I det siste temaet som omhandlar tryggleik var det både rektoren og symjelærer sine skildringar og sitat som vart nytta.

Vi vil understreke at intervjuobjekta er anonyme. For å ivareta anonymiteten har vi brukt nemningane rektor og symjelærer i staden for namn.

## **4.1 Den store og den vesle skulen sitt syn på optimal symjeopplæring**

### **4.1.1 Tilgang til symjebasseng og prioritering av symjeundervisning i 1. – 4. klasse**

#### Den store skulen

På spørsmål om korleis dei opplevde tilgangen på symjebasseng svarte rektoren:

*I det augneblinken den store symjehallen opna, så vart skulebassenget stengt. Det gjekk ikkje an å ha eit sånt tungdrevet basseng på 12,5 meter. Så eg meiner at den store symjehallen med både terapibasseng i tillegg til storbassenget, så har vi glimrande forhold til symjeundervisning.*



Rektoren fortalde undervegs i intervjuet at tidlegare når dei hadde tilgang til eit skulebasseng, var det mykje enklare. Men slik som rammeforholda er i dag i den store symjehallen kunne ein ikkje fått eit betre tilbod. Rektoren opplyste òg at skulen hadde tilbod om buss frå skulen til symjehallen:

*[...] dette gjer vi for å ikkje miste tid. Teoretisk kan vi jo gå, i og med at det berre tek ti minuttar. Men all den tida vi sparar på å ta buss nyttar vi då heller til symjeopplæring.*

Dette var i følge rektoren eit viktig tiltak skulen gjorde for å få utbyte av symjeopplæringa. Rektoren presiserte òg at økonomien ikkje var noko problem. Bussen til symjehallen var ikkje særleg dyr.

Rektoren gav oss informasjon om at den store symjehallen er eit offentleg badeanlegg som kan nyttast av alle. Dermed var det naturleg for oss å spørje om dette førte til at det vart kringling om symjehallen, og om tilgangen vart redusert. Rektoren opplyste oss om at dette i hovudsak ikkje var noko problem. Symjelæraren fekk tilført ein liten ressurs for å lage undervisningsplanar for alle skulane i kommunen slik at det ikkje skulle oppstå “dobbel-bookingar”. Rektoren påpeikte at symjehallen var reservert for skulen på måndagar og tysdagar.

Rektoren var bekymra for alle bassenga som står tomme rundt om i landet, som ofte fører til at elevar i liten grad, eller i verste fall ikkje får symjeopplæring i skulen. Samstundes var rektoren bestemt på at ingen skulle ta i frå skulen sin moglegheit til å drive symjeopplæring:

*Eg trur ikkje nokon politikarar torer å gå ut å sei at no stenge vi bassenga her i kommunen. Vi får ikkje håpe det skjer her.*

Vidare presiserte rektoren at alle frå andre- til fjerde klasse fekk undervisning på skulen. Sidan det ikkje vart nemnd noko om tilbod om symjeopplæring til elevar som går i fyrste klasse ville vi ha litt meir informasjon om kvifor dei gjorde det slik.

Symjelæraren fortalde oss at dei valde konsekvent å ikkje drive med symjeopplæring i fyrste klasse. Det har noko med å verte tilvent skulemiljøet. Elevar som startar i fyrste klasse hadde mykje dei skulle lære både rutinemessig, reglar og fagleg. Samstundes krev det meir ressursar å dra av garde med fyrste klasse til symjehallen. Fyrsteklasseelevane brukar lengre tid på av- og påkledning. Dette var symjelæraren sitt hovudargument for kvifor dei valde å starte symjeopplæringa i andre klasse. Symjelæraren fortalde oss òg om korleis dei organiserte elevane i løpet av eit skuleår:

*2. klasse startar symjeopplæringa i januar, så når ein startar i 3.klasse får ein symjing att på hausten. Dermed kan ein sei at elevane får eit år i strekk med symjing. Vidare har dei eit halvt år pause og når dei startar i 4.klasse får dei eit halvt år til med symjing att [...]Våre elevar har jo 38 skuletimar i løpet av eit år, der det er satt av to timar i veka.*

Sjølv om skulen konsekvent valde å ikkje starte symjeopplæringa før i andre klasse, meinte symjelæraren at dei hadde eit godt tilbod til elevane når det gjaldt symjeopplæringa.

### Den vesle skulen

Hypotesen vår baserte seg på at den vesle skulen hadde eit “dårlegare” tilbod enn den store skulen. Som innleiing til dette temaet valde vi å starte med å spørje den vesle skulen om korleis situasjonen var når det gjaldt tilbodet på basseng.

Tilgangen på symjeundervisning på skulen har vore innskrenka dei siste åra, sidan dei ikkje lenger har vatn i skulebassenget. Dette har vore ei utfordring, men samstundes har skulen klart å ordne eit symjetilbod for alle på grunnskulen. Rektor fortalde at skulen prioriterte tredje- og fjerde klasse med flest undervisningstimar.

Vidare fortalde rektor at skulen for eit år sidan måtte reise til nabokommunen for å leige symjehall til symjeundervisninga. Dette gav skulen nokre utfordringar. Blant anna måtte dei leige buss på grunn av avstanden til nabokommunen. For å klare å halde seg innanfor dei økonomiske rammene, måtte dei fylle opp bussen med elevar. Nokre elevar hadde då symjeundervisning, medan andre hadde vanleg undervisning eller andre hallaktivitetar.

Fyrste- og andre klasse fekk nokre økter til vasstilvenning, mens tredje- og fjerde klasse fekk fleire økter. Rektoren gav inntrykk om at den perioden dei måtte reise til nabokommunen fekk dei færre skuletimar til symjeopplæring. Dermed vart tredje- og fjerde klasse prioritert for at dei skulle klare å nå kompetansemåla.

Den vesle skulen har fått leige eit symjebasseng som er mykje nærmare, som gjer det enklare å planleggje undervisninga. Dette er ei usikker løysing, sidan eigaren av symjebassenget kan avbryte kontrakten med skulen. Storleiken på bassenget er 6.meter x 12.meter, der den grunnaste delen er 6x6 meter og har ei djupne på 1 meter. Og dei resterande 6x6 meter er djupna 2.meter. Dette er ikkje optimale forhold når ein driv symjeundervisning, men skulen kunne ikkje ha fått eit betre tilbod slik som situasjonen er no. Rektor fortalde under intervjuet at det var ein frustrasjon at dei ikkje lenger får ha skulebassenget. Dette er ei politisk sak og med ein trong økonomi blir det prioritert andre saker framfor skulebassenget:

*Det er frustrerende at vi ikkje har eige skulebasseng i kommunen lenger, sidan Noreg er eit kystland med mange fjordar og der mange born oppheld seg i og ved sjøen.*

Når skulen ikkje lenger hadde vatn i skulebassenget, dukka det opp enkelte utfordringar rektor tok omsyn til. Det kunne dreie seg om planlegginga for symjeundervisninga, til dømes leige av transport, økonomi og tidsbruk av skuletimar. Det var enklare før når skulen hadde eige symjebasseng:

*Det er eit stort sakn for oss som har jobba på skulen i alle år, og ikkje kunne ha skulebassenget. For det betydde ein god del. Det gjorde tilbodet til skulen mykje betre for elevane, det er noko vi merka på mange områder.*

### Diskusjon

For å drive symjeundervisning er ein avhengig av tilgang til symjebasseng. Både den vesle og den store skulen har i dag tilgang til symjebasseng. Ut i frå kartlegginga av alle kommunane i Sogn og Fjordane såg vi at ikkje alle i dag har tilgang til symjebasseng, men at kommunane har kome fram til andre løysingar.

Ut i frå våre funn viste det seg at det var ulike prioriteringar av klassetrinna 1. – 4. på dei forskjellige skulane. På den store skulen valde dei konsekvent å starte med symjeundervisninga i andre klasse, medan den vesle skulen starta på vårsemesteret i fyrste klasse, dermed fekk elevane tid til å bli kjend med lokalmiljøa. Grunnen til at den store skulen valde å starte i andre klasse var fordi dei tykkjer det var viktig med tilvenning til skulemiljøet, og at det kravde ekstra tid til av- og påkledning.

Utdanningsdirektoratet 2 (2008) seier at det tar ca. 40 skuletimar for ein elev i frå fyrste- til fjerde klasse startar med vasstillvenning til eleven er symjedyktig. Den store skulen tilbydde 38 skuletimar symjeundervisning til kvart klassetrinn i løpet av eit skuleår, dermed har dei moglegheit til å utvikle seg til å verte symjedyktige ved utgangen av fjerde klasse. Den vesle skulen oppgav ikkje tal timar på symjeundervisning, og har sjølv sagt at dei slit med å få elevane symjedyktige.

#### **4.1.2 Organisering av symjeundervisning**

##### Den store skulen

Sidan LK06 er bakgrunnen for kompetansemålet i kroppsøving tykte vi at det var naturleg med å starte å spørje om kva symjelæraren meinte om kor tid elevane burde vere symjedyktige og kva dei tykkjer om omgrepet symjedyktig. Symjelæraren presiserte at det å vere symjedyktig var viktig å få til tidlegast mogleg for elevane, men at det må etter læreplanen og skulens forpliktingar skje innan utangen av fjerde klasse. Dette var viktig for at elevane skal kunne ta med seg denne dugleiken vidare og utvikle seg. Symjelæraren la òg til at det å vere symjedyktig vil seie å kunne symje, dykke og vere trygg i vatnet. Å vere trygg i vatn er ein føresetnad for å vere symjedyktig.

*Det går jo på det at elevane skal kunne tørre å flyte, tore og dykke, tore å få vatn i andletet. Utan at dei får panikk. [...] å beherske vatnet. Får du panikk så gløymer ein fort kva ein har lært.*

Symjelæraren ynskte at elevane skulle vere symjedyktige så tidlig som mogleg, og at dei fleste elevane på skulen var trygge i vatnet. Men det var usikkerheit blant andreklassingar som skulle starte symjeopplæringa for fyrste gong:

*[...]vi har jo dei som har vore livredd og har stått klistra inntil eit hjørne, som ikkje tør å ta seg ut i bassenget. Men det gjeld som oftast dei som aldri har vore i symjehallen tidlegare. Dei veit jo ikkje kva dei går til.*

Det vart òg lagt vekt på å gjere greie for farane ved å ferdast på og ved vatn. Gjennom dette fekk elevane informasjon om korleis dei skulle oppføre seg ved sjøen og at dei aldri burde bade ute aleine. Elevane var for små til å redde kvarandre, og må dermed tilkalle hjelp, fortalde symjelæraren.

Rektoren fortalde om symjedyktigheit og om å vere trygg i vatnet:

*[...] eg tore ikkje å sei noko prosenttal, men dei aller fleste elevane vil ha knekt symjekoden når dei er ferdige med fjerde klasse. Sjølv sagt finnes det enkeltindivid som har vassfobi eller har opplevd traumatiske ting. Men det er så store unntak at det nesten ikkje går an å rekne med.*

Rektoren fortalde òg at det ofte var foreldra som var meir skeptiske enn elevane sjølve. Dei opplevde til tider overbeskyttande “moderne foreldre” som var redde for borna sine, og tykte at symjing var eit farleg fag. Men skulen såg ikkje på dette som ei stor utfordring. Korleis symjelærarane organiserte undervisninga, kva dei la vekt på og om dei nytta seg av tilpassa opplæring (spesielt ved elevar med spesielle behov: funksjonshemming) var element som var kopla opp mot teoridelen. Symjelæraren fortalde oss at dei reiste som oftast to klassar fordelt på to symjelærarar, og assistentar ilag til symjehallen. Symjehallen var stor og hadde kapasitet til å romme to skuleklassar, men det kravde god organisering. Her kunne symjelæraren fokusere på enkeltelevar ved å dele i grupper, dei som kunne symje og dei som ikkje kunne symje. Symjelæraren spesifiserte òg at dette var ei god løysing sidan det var to basseng som dei kan nytte seg av i dette symjeanlegget.

Symjelæraren som i dette tilfellet hadde ansvaret for elevane som ikkje kunne symje, fortalde at fokuset i hovudsak dreia seg om vasstilvenning. Medan den andre symjelæraren som var tilstade tok hand om dei symjedyktige.

Det symjelæraren tykte var ei utfordring var når ein måtte ha fjerde klasse åleine. Dermed kunne det oppstå stort sprik, fordi ein ikkje kunne dele klassen i to grupper og drive tilpassa opplæring.

Vidare fortalde symjelæraren at den fyrste symjetimen elevane fekk i andre klasse, hadde dei oftast samla for å sjå korleis elevane meistra å vere i vatn. Dette vart gjort i form av ulike leikar og aktivitetar for å få oversikt over elevane sin dugleik. Symjelæraren fortalde om ein elev som aldri lærte av sine feil. Gong på gong hoppa eleven uti bassenget og sokk til botnen, og det enda med at symjelæraren måtte hente eleven opp att. Alle elevar er ulike, spesifiserte symjelæraren. Dermed var det viktig at ein vart kjend med elevane og kartla deira dugleikar.

Rektoren fortalde at organiseringa og disiplineringa av symjeopplæringa var utruleg viktig:

*[...] men det er tøft. Det er mange store grupper der inne. Dermed er det viktig å kunne organisere som lærar. Disiplinen må vere tilstade i stor grad. [...] vi har ikkje noko å gå på i symjing. Vi kan ikkje misse ein elev. [...] om elevar sovna i ein mattime, så mister dei ikkje livet, men det gjer dei i eit symjebasseng om læraren går med ryggen til for lenge.*

Når symjelæraren underviste vart det lagt vekt på vasstilvenning, spesielt når det var med dei elevane som ikkje var så trygge i bassenget. Fokuset var å tore å få vatn i andletet, tore å dykke og tore å flyte. Symjelæraren understreka at det vart lagt vekt på flyting og linjehaldning.

Symjelæraren forklarte at det å vere vasstilvent, hadde mykje å seie for utviklinga vidare i symjefaget. Symjelæraren nemnde òg at elevane fekk undervisning i det grovtekniske, og at foreldra måtte ta initiativ til å lære det fintekniske.

Symjelæraren informerte om at flytemidlar sjeldan vart nytta. Vart ein vand med armingane stolar ein på dei, og den dagen ein kjem utan, får ein panikk fortalde symjelæraren. Men plate vart nytta når ein skulle øve på ulike teknikkar som til dømes beinspark og flyting:

*Eg tykkjer det er viktig å lære elevane å vere trygge. Dei skal ikkje vere avhengig av å ha noko. Hjå meg får dei ikkje bruke armingar, belte eller egga. Men eg brukar plate. [...] då har dei noko å halde seg i når vi øver på beinspark eller liknande.*

Vidare fortalde symjelæraren at dei nytta symjemerker i frå Norges Svømmeforbund som motivasjon for elevane. Det symjemerket som vart nytta var 25 meter merket. Symjelæraren la til at elevane ikkje alltid sumde like perfekt når dei prøvde seg på dette merket, men så lenge dei kom seg frå A til B ved hjelp av flyting hadde dei klart merket.

Symjelæraren nemnde tidlegare at dei ofte delte klassane opp i symjedyktige og dei som ikkje var det. Men vi tykte at det var viktig å spørje om skulen legg til rette for elevar med spesielle behov, til dømes funksjonshemming. Rektoren hadde mykje å fortelje oss på dette området og informerte om at dei gjorde det beste dei kunne for at alle skulle få delta på symjeundervisninga. Alle som kan ha symjing, skal ha symjing. Enten om ein sit i rullestol, er autist eller kva det var, poengterte rektoren.

Rektoren fortalde vidare at elevar med slike spesielle behov ofte har ein – til – ein oppfølging. Der det er ein vaksen som har hovudansvaret for ein elev og føl eleven opp av tryggleiksårsaker. Desse elevane deltok så mykje som mogleg i den vanlege undervisninga, men med støtte frå assistent. Det var heilt klart at dette varierte i stor grad. Det var ikkje alle som klarte å følgje opp det vanlege undervisningsopplegget, og dermed fekk eige opplegg med støtte frå assistent. Alle elevar som hadde behov for det fekk eigen taxi til symjehallen, spesielt rullestolbrukarar. Rektoren var òg ivrig etter å fortelje at elevar med slike spesielle behov gjerne fekk eit utvida tilbod når det gjaldt symjeopplæring. Dei fekk tilbod om å vere med i bassenget heilt frå andre- til tiande klasse:

*For veldig mange er dette ein arena som dei synes er utruleg grei. Det er jo bokstaveleg talt terapi for desse elevane[...] det er verkeleg ein arena dei set pris på, for dei har ikkje så mange funksjonsområde, men i bassenget opplev elevane ein mykje større fridom og kan ofte bevege seg mykje meir enn det dei gjer i ein rullestol.*

Det var ei utfordring når det gjaldt sjølve tilrettelegginga for funksjonshemma i symjehallen. Ein hadde slitt med fasilitetane i forhold til stellerom, at garderobane ikkje var gunstige. Men i sjølve bassengområde var det ikkje noko å utsetje symjehallen på. Der var det tilrettelagt for at rullestolbrukarar skulle få dra nytte av bassenga i symjehallen, presiserte rektoren.

### Den vesle skulen

På spørsmålet vårt om kva symjelæraren la i ordet å vere ”trygg” i bassenget, fekk vi svaret:

*Å ikkje vere redd for å svelga vatn, takle at det kjem litt skvulp og ei bølge. [...] det å kunne beherske og rotere i bassenge, vere opp ned utan at ein kjenner ubehag. Og ikkje har trong for å stå på grunna.*

Vidare fortalde symjelæraren at det var viktig å øve på rotasjon om både lengdeakse og tverrakse. Stupe kråke for- og baklengs og orientere seg i bassenget, var sentrale øvingar i ein tilvenningsfase. Symjelæraren la òg til at elevane burde vere vasstilvent så tidleg som mogleg, gjerne før dei startar i fyrste klasse. Dermed vart det enklare for symjelærarane å bygge vidare på dette.

Det å kunne vere symjedyktig var noko symjelæraren ynskte at elevane skulle verte så tidleg som mogleg. Gjerne før utgongen av fjerde klasse, slik at kompetansemåla vert nådd. Symjelæraren la til at etter at skulebassenget vart stengt, hadde prosenttala på symjedyktigheit gått ned. Det vart òg lagt vekt på at elevane skulle gjere greie for farane ved å ferdast på og ved vatn. Sjøen kan ikkje samanliknast med bassenget.

Skulen hadde ei utfordring der organiseringa kunne verte eit problem, særleg med omsyn til tidsbruk. Skulen hadde berre symjeundervisning i korte periodar, dermed ville ein då ikkje klare å nå fram til alle klassane og nå kompetansemåla:

*[...] tredje- og fjerde klasse får symjeundervisning på hausten, mens fyrste og andre får symjing på vårsemesteret.[...] tanken med at fyrste og andre klasse byrja på vårsemesteret, er at elevane treng tid til å verte trygg i lokalmiljøet.*



Rektor fortalde at jo færre elevar det var i gruppene, jo enklare var det å drive symjeundervisning. Dermed vart det enklare for symjelæraren å organisere, følgje opp elevane og drive tilrettelagt symjeundervisning for dei som hadde behov for det:

*På barnetrinnet er det ikkje klasser over 24 elevar, dermed delar ein klassane inn i to grupper, der dei minste gruppene er på 8-10 elevar og dei største gruppene maks 12 elevar. Der det er to lærarar tilstade gjennom symjeundervisninga.*

Symjelæraren fortalde at det tidleg i symjeopplæringa vart lagt vekt på at elevane skulle skape tryggleik i bassenget. Dermed lèt dei elevane få utforske sjølv, det gav symjelæraren ein moglegheit til å fange opp dei elevane som hang etter. Dei typiske trekka som dukka opp då var “hundesymjing” eller ei grovform for krål. Vidare fortalde symjelæraren at det etter kvart gjekk ein del i brystkrål/brystsymjing og ryggkrål/ryggsymjing. Symjelæraren påpeikte vidare:

*Ryggsymjing og sidesymjing er ein fin måte å lære ilandføringsteknikk. Det same gjeld brystsymjing. Men det mest vanlege er jo å bruke slyngbeinsspark når ein driv med ilandføring.*

Symjelæraren informerte at dei ikkje hadde noko tid til kreativitet og å ha det morosamt i bassenget. Det var på grunn av den situasjonen dei var i. Dermed måtte dei fokusere på det grunnleggande, for å klare å nå kompetansemåla. Symjelæraren fortalde at då dei hadde eige skulebasseng, brukte skulen Norges Svømmeforbund sine symjemerke som motivasjon, og for å nå kompetansemåla:

*[...] etter at skulen mista skulebassenget har motivasjonsfaktoren falle ut. Dermed vert det ikkje heilt rett at vi symjelærarane skal forvente at elevane skal klare krava til symjemerket[...] klassane har berre eit visst tal timar til symjeundervisning, så dermed vert fokuset heller å sjå til at teknikken er noko lunde bra.*

Hjelpemidla symjelæraren brukte gjennom symjeundervisninga var dei tradisjonelle flytemidlane som belte, flyteplate og armeringar. Men at ein prøvar gradvis å ta dei vekk.

Symjelæraren valde å bruke hjelpemidla når det var fokus på ein teknikk, til dømes når elevane skulle øve på beinspark. Dermed fekk elevane “kvile” armene på noko. Enkelte gongar vart det òg nytta rockeringar og forskjellige gjenstandar i botnen, som var med på å få elevane til å dykke under vatnet og hente opp gjenstandar. Det var noko som vart brukt til å venne seg til å vere under vassoverflata og å lære seg ulike pusteteknikkar.

Det er ofte at ein støyter på klassar der det er elevar med spesielle behov. Til dømes funksjonshemmingar. Dermed ville vi spørje om kva den vesle skulen gjorde for desse elevane. Rektoren fortalde at det ikkje var elevar med spesielle behov på barnetrinnet akkurat no, men dei hadde tilbod som omhandlar bruk av eige varmebasseng. Tilbodet hadde dei heile året. Elevar som hadde behov for tilbodet fekk oppfølging av eigne assistentar.

Symjelæraren på skulen fortalde at kompetansemåla som står i læreplanen ikkje var så enkle å forholde seg til. Elevane skal vere symjedyktige og vere trygg i vatn. Dei skal gjere greie for farane ved å ferdast ved og på vatn. Desse måla var ikkje så enkle å nå på grunn av rammefaktorane som avgrensa undervisninga. Symjelæraren fortalde òg at det var vanskeleg å utvikle lokale mål og tykte at dette var ei politisk utfordring:

*[...] det er mangel på samsvar mellom idealistiske mål ifrå sentrale hold og realiteten i skulenoreg. Det er alt for ulikt i frå kommune til kommune. Då er det prioritering, staten har lett for å skyve ansvar over til kommunane, der kommunane må ordne basseng.*

Symjelæraren tykte det ikkje var rettferdig og realistisk, for i kommunen vart det omprioritert. Symjelæraren presiserte at pengane staten løyver, burde vore øyremærka, slik at ein vart sikra økonomiske rammer til symjeopplæringa.

Kompetansemåla for symjing er det generelle for kroppsøvingsfaget, symjelæraren tykte det kunne vore nokre delmål i staden for at ein skal kunne symje i fjerde klasse. Det vil vise at elevane var på veg, og dermed vil det hjelpe på å få alle elevane med på symjeundervisninga. Det var ei utfordring at elevar sluntra unna symjeundervisninga ved å lyge om sjukdom. Symjelæraren fortalde òg at det å ha mål for kvar time var eit viktig reiskap.

Dermed fekk elevane ein progresjon i utviklinga si. Samstundes var det fokus på berre ein dugleik om gongen. Symjelæraren hadde eit viktig synspunkt:

*[...] ein kan setje på spissen å ha undervisning berre i ein periode på slutten av fjerdeklasse for å nå måla. Nokon vil nå måla, andre vil ikkje klare å nå måla. Men om ein startar med mål i frå fyrste klasse, så vil elevane nå fleire delmål. På den måten vil elevane nå kompetansemåla for fjerdeklasse utan problem.*

### Diskusjon

I dette teamet har vi å fokusert på kva den store og den vesle skulen gjorde for å oppnå ei optimal symjeopplæring. Det dreide seg om ulike typar organiseringar og kva som vart lagt vekt på under symjeundervisninga. I følge LK06 skal elevane etter fjerde klasse vere symjedyktige og trygge i vatnet. Elevane skal òg gjere greie for farane ved å ferdast på og ved vatn (Kunnskapsdepartementet, 2005). Vi spurde dei to skulane om kva dei tykte låg i kompetansemåla symjedyktigheit og det å vere trygg i vatnet, og kor tid elevane burde meistre desse. Både den vesle og den store skulen hadde klare formeiningar om kva som låg i desse orda.

Den vesle skulen tykte kompetansemåla som står i LK06 har vorte vanskelegare å nå, sidan dei ikkje lenger hadde skulebasseng. Dette førte til at prosenttala på symjedyktigheit gjekk ned. Den store skulen hadde ikkje den same utfordringa, sidan dei hadde god tilgang på basseng og gode forhold. Begge skulane gjorde greie for farane ved å ferdast på og ved vatn.

I organiseringa av klassane i løpet av ei symjeundervisning var det skilnadar mellom dei to skulane. Den store skulen hadde god kapasitet til symjehall, slik at dei kunne reise to skuleklassar ilag fordelt på to basseng, to symjelærar og assistentar. På grunn av god kapasitet var det moglegheit for å dele opp elevane etter dugleik. Den vesle skulen møtte større utfordringar. På grunn av storleiken på bassenget var skulen avhengig av å dele klassane i mindre grupper, som førte til at det vart mindre tid på kvar klasse. Ut i frå dette tykte symjelæraren at det kunne verte ei utfordring å få alle elevane til å nå kompetansemåla.

Etter at skulen mista symjebassenget hadde motivasjonsfaktoren for bruk av symjemerker frå Norges Svømmeforbund gått ned, og symjelæraren tykte at dei ikkje kunne krevje at elevane skulle klare merka.

I følge Utdanningsdirektoratet 2 (2008) er det viktig at symjelæraren kartlegg kva erfaringar og dugleikar elevane har med å opphalde seg i vatn. Denne forhandsregelen samsvarar med organiseringa til den store og den vesle skulen. Begge skulane la vekt på tilvenningsfasen og vart kjende med elevane sine erfaringar og dugleikar. Dette gav eit godt grunnlag for vidare organisering og progresjon.

I sjølve undervisninga var det kontrastar mellom dei to ulike skulane. På den store skulen fekk vi inntrykk av at vasstilvenning og tryggleik var i fokus. Og at symjelæraren arbeidde seg ut i frå figur 1 kapittel 2.4.7. Symjelæraren la vekt på det grovtekniske i undervisninga og presiserte at foreldra fekk ta seg av det fintekniske på fritida. Den vesle skulen gav oss inntrykk av at, på grunn av avgrensa tid fekk ikkje symjelæraren moglegheit til å fokusere på vasstilvenning. Dermed måtte skulen fokusere på det dei tykte var det viktigaste, nemleg symjeteknikkane.

Ut i frå Utdanningsdirektoratet 2 (2008) sine retningslinjer for begynnaropplæring burde ein unngå bruk av flytemidlar og andre hjelpemidlar, då dette kan hemme utviklinga. Dette samsvarer med den store skulen si organisering. Men den vesle skulen nytta seg av flytemidlar og andre hjelpemidlar, men vel gradvis å gå vekk i frå det.

#### **4.1.3 Tryggleik**

For at symjeopplæringa skal verte optimal er det visse reglar ein må ta omsyn til. Både tilsyn og elevtal per lærar, krav til kvalifikasjonar for dei som har tilsyn og årleg kontroll og oppfrisking av livredningsdugleikar er reglar som ein er nøydt til å følgje.

##### Den store skulen

Når det gjaldt livredningsprøva verkar det som om rektoren var godt orientert og forklarte oss korleis denne prøva gjekk føre seg. Rektoren la og til at symjehallen organisera ei slik livredningsprøve kvart år og at skulen melde på dei lærarane som skulle ta prøva.

Det gjaldt òg dei eventuelle vikarane, eller eit reservekorps som rektoren kalla det, som pleiar å ha symjeundervisninga om symjelærarane ikkje har moglegheit:

*Symjehallen tilrettelegg denne prøva for oss. [...] sjølv om ein tok prøva i fjor, må ein ta den i år og. Så det er jo for å oppfriske heile tida. Det ligg nemleg krav til at dei som har symjeundervisning skal ta denne prøva kvart år.*

Symjelæraren hadde meir detaljert informasjon når det gjaldt livredningsprøva. Det er rektor sitt ansvar at dei lærarane som skal ha livredningsprøva får gjennomført den. Men at det var symjehallen som la til rette for prøva. Symjelæraren fortalde og at fyrste gongen ein skulle ta livredningsprøva måtte ein gjennom eit kurs på seks timar, der det var tre timar med teori og tre timar praktisk i bassenget, så ein fekk øvd seg før ein til slutt tok livredningsprøva. Vidare informerte symjelæraren om at for å ha klart prøva måtte ein symje 100 meter bryst, 100 meter rygg, så skulle ein dykke ned fire meter (djupaste område i bassenget) og hente ei livredningsdukke. Deretter skulle ein ilandføre ein vaksen person ei lengde på 25 meter og vise korleis ein fekk vedkommande opp på land. Til slutt skulle ein vise til alarmplanen og gjennomføre hjarte-lunge redning på ei livredningsdukke. Symjelæraren la til at det måtte vere ein godkjent livredningsinstruktør tilstade for å godkjenne prøva.

Når det gjeld tilsyn og elevtal per lærar var både rektor og symjelæraren godt orientert om desse reglane. Symjelæraren fortalde at når dei var to klassar i symjehallen delte dei seg opp i to basseng, der det var ein symjelærar per klasse som hadde hovudansvaret. Vidare vart vi fortald at det alltid var assistentar tilstade, og at kvar 15.elev kravde ein ekstra assistent. Assistentane skulle òg gjennomføre den årlege livredningsprøva. Rektoren ved skulen informerte oss om at ein alltid måtte sjå an situasjonen. Kravde den ekstra tilsyn, måtte det til:

*[...] viss elevar har opplevd traumatiske ting eller har vasskrekk, må vi gjere tilpassingar. Då er det ein ekstra vaksen med som følgjer opp den eleven.*

### Den vesle skulen

Rektor fortalde at dei hadde kompetente symjelærarar, både med formel og realkompetanse til å gjennomføre symjeundervisning. Rektor hadde sjølv hatt opplegg i livberging og hjarte – lungeredning, og hadde vore innleigd som instruktør (sensor) for livredningsprøva for andre skular. Rektor informerte om at dei hadde sendt ein tilsett ved skulen på kurs, slik at den tilsette kunne ta over rolla som instruktør for livredningsprøva. Dermed trengte ikkje skulen å leige inn eksterne livredningsinstruktørar når dei skulle gjennomføre livredningsprøva, som symjelærarane måtte ta kvart år. Symjelærarane gjennomførte livberging og ilandføring, varslingsrutinar og gjekk gjennom handlingsplanen. Årleg vart det satt i gang eit kurs for alle tilsette på skulen, som gjaldt generelt, ikkje berre livberging ved basseng. Men òg andre type skadar:

*Fyrstehjelp er noko vi kursa alle tilsette på skulen i. Det som går på symjing og livberging i sjø og vatn, køyrer vi eit eige opplegg på for symjelærarane som har ansvar for undervisning i symjehall.*

Symjelæraren fortalde at ved eventuelle ulykke under symjeundervisninga, hadde dei ein alarmplan dei følgde:

*[...] så ringje ein 113, og varsle dei nærmaste. Ein får elevane vekk ifrå situasjonen, og observere kva som må gjerast. Deretter tek ein til nødvendige tiltak, eventuell fyrstehjelp om det trengst.*

I symjeundervisninga var det alltid ein symjelærer og ein assistent tilstade. Ettersom at gruppene aldri oversteig 12 elevar, trengte ein ikkje ekstra assistentar. Men symjelæraren var klar over regelen om at kvar 15.elev kravde ekstra tilsyn.

## Diskusjon

Utdanningsdirektoratet har eit rundskriv som omhandlar tryggleiksmessige sider ved symje- og livredningsopplæringa. Ved begynnaropplæring skal det alltid vere minst to tilsynspersonar/symjelærarar tilstade, og kvar 15. elev utløyser ein ekstra assistent. Ved situasjonar der tryggleiken er i fare skal tilsynet aukast (Utdanningsdirektoratet 1, 2008). Dette stemde ved begge skulane.

Rundskrivet til Utdanningsdirektoratet fortel òg at det skal vere årlege kontrollar av livredningsprøva. Dette er viktig på grunn av elevane sin tryggleik. Det må vere ein godkjent livredningsinstruktør til stades under livredningsprøva (Utdanningsdirektoratet 1, 2008). Dette samsvarte med begge skulane der skulane gjekk gjennom livredningskurs, livredningsprøva og alarmplanen, men den store skulen gav eit inntrykk av at dei hadde noko betre oppfølging og strengare krav til assistentar og eventuelle vikarar.

## 5.0 Konklusjon

Eit av måla med denne studien var å kartleggje alle kommunane i Sogn og Fjordane for å få eit heilskapleg bilete på tilbodet til symjeopplæringa. Funna våre viser at Sogn og Fjordane stiller sterkt når det gjeld tilgang til symjeopplæring noko som samsvarar med undersøkinga til Norges Svømmeforbund, Redningsselskapet og Synovate. Deretter ville vi gå djupare inn på to ulike skular for å utforske kva dei gjorde for å oppnå ei optimal symjeopplæring.

Vår hypotese baserte seg på at den vesle skulen hadde eit dårlegare tilbod enn den store skulen. Vi hadde delvis feil og delvis rett. Våre tolkingar baserte seg på at den vesle skulen følgde retningslinjene i frå Utdanningsdirektoratet 2 (2008) når det gjaldt begynnaropplæring. Men samstundes sleit den vesle skulen med å nå kompetansemåla i LK06 på grunn av dårlegare bassengkapasitet og mindre tid i bassenget enn på den store skulen.

Ved den store skulen fekk vi inntrykk av at kapasiteten på basseng og tidsbruk gav dei moglegheit til å nå kompetansemåla. På bakgrunn av fleire undervisningstimar fekk skulen drive forsvarleg begynnaropplæring, fokusere på progresjon i frå vasstilvenning til symjedyktigheit og samstundes arbeidde seg ut i frå retningslinjene til Utdanningsdirektoratet.

Begge skulane gav inntrykk om at tryggleik var ein viktig føresetnad for symjeopplæringa.

Til slutt vil vi konkludere med at det har vore ei spennande oppgåve som igjen kan takast vidare til meir omfattande forskning, til dømes: ein grundigare kartlegging av symjetilbod i Sogn og Fjordane og ei grundigare oppfølging av skulane i form av observasjon.



## 6.0 Litteraturliste

- Brattenborg, S., Engebretsen, B. (2007) *Innføring i kroppsøvingsdidaktikk*. Høyskoleforlaget
- Dalland, O. (2008) *Metode og oppgaveskriving for studentar*. (4utgave). 3 opplag Gyldendal Norsk Forlag AS
- Goksøyr, M. (2010) *Idrett for alle-Norges idrettsforbund 150 år, 1861-2011*. Ascheoug & Co, (W.Nygaard): Aalborg.
- Goksøyr, M. (2008) *Historien om norsk idrett*. Abstrakt forlag AS
- Johannessen, A., Christoffersen, L., Tuft, P.A. (2010) *introduksjon til samfunnsvitenskapelig metode*. Abstrakt forlag AS
- Kunnskapsdepartementet (2005) *Læreplanverket for kunnskapsløftet*. Midlertidig utgave juni 2006. Oslo
- Kvale, S., & Brinkmann, S. (2009) *Det kvalitative forskningsintervju*. 2.utgave. Oslo, Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Kvale, S. (2007) *Det kvalitative forskningsintervju*. 10opplag. Gyldendal norsk forlag as
- Larsen, J.T. (2010) *Svømming for alle – Norges Svømmeforbund 1910 – 2010*. Norges Svømmeforbund
- Melbye, M.D. (2011) Selvberging og drukningsforebyggende svømmeopplæring. *Kroppsøving, 2011(nr1)*, s. 8-11.
- Olstad, F & Tønneson, S. *Norsk idrettshistorie – forsvar, sport, klassekamp 1861-1931. s. 135 – 136*. Aschehoug.
- Thagaard, T. (2009) *Systematikk og innlevelse, en innføring i kvalitativ metode*. 3utgave. Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS
- Utdanningsdirektoratet (2008) *Svømming og livredningsopplæring: støtte materiell for lærer og instruktører i grunnskolen*. Oslo, magnolia design AS

### Kjelder frå internett:

Sogn og Fjordane Fylkeskommune [internett] Tilgjengelig frå:

[http://www.sfj.no/cmsdff/cmspublish.nsf/\\$all/6C84A3147FF7970DC12577EB0045B DFA](http://www.sfj.no/cmsdff/cmspublish.nsf/$all/6C84A3147FF7970DC12577EB0045B DFA)[lest: 23.11.2011. 14:43].

Synovate (2009) *Undersøkelse om svømmedyktighet blant 5.klassinger* [internett] Tilgjengelig

frå: <http://www.mendeley.com/research/undersokelse-om-svmmedyktighet-blant-5klassinger/#> [lest: 14.12.2011. 12:23]

Norges Svømmeforbund [internett] Tilgjengelig frå:

<http://www.svomming.no/index.php?menuid=34&expand=14%2C34> [lest: 23.11.2011. 12:19].

Utdanningsdirektoratet 1 (2008) Rundskriv 1: *Forsvarlig svømme- og livredningsopplæring i grunnskoleopplæringen*. [internett] Tilgjengelig frå:

<http://www.udir.no/Upload/Rundskriv/2008/5/udir-1-2008-svomming.pdf> [lest: 02.09.2011. 13:17].

Norges Livredningsselskap 1. [internett] tilgjengelig frå:

<http://www.mamut.net/livredning/subdet79.htm> [lest: 23.11.2011. 15:09].

Norges Livredningsselskap 2. [internett] tilgjengelig frå:

<http://www.mamut.net/livredning/subdet300.htm> [lest: 05.12.2011. 11:39].

Sogn og Fjordane fylkeskommune. [internett] tilgjengelig frå:

[http://www.sfj.no/cmssff/cmspublish.nsf/\\$all/6C84A3147FF7970DC12577EB0045B](http://www.sfj.no/cmssff/cmspublish.nsf/$all/6C84A3147FF7970DC12577EB0045B)  
DFA [lest: 11.12.2011. 11:31].

#### Figur liste:

Figur 1 [internett] Tilgjengelig frå:

[http://www.udir.no/Upload/larerplaner/veiledning/5/Udir\\_svomme\\_livredding\\_net.pdf](http://www.udir.no/Upload/larerplaner/veiledning/5/Udir_svomme_livredding_net.pdf) [lest: 04.12.2011. 15:42].

## 7.0 Vedlegg

### 7.1 Intervjuguide rektor

#### Oppvarmingsspørsmål:

- Presentere oss sjølv, bakgrunnen vår, informasjon om oppgåva

#### Intervjuobjektet:

- Kven er du, bakgrunn og kompetanse?

#### Utfordringar/ tiltak:

- Har skulen eige basseng?
  - Dersom ikkje kva tiltak gjer dykk da?
- Er det vatn i bassenget?
  - Heile året eller periodevis?
- Har dykk eigne kompetente symjelærarar, eller må dykk leige inn symjeinstruktørar frå ulike symjeklubbar eller andre kompetante?
- I kva slags grad meina du at lærarane har god nok kompetanse til å drive symjeundervisning?
- I følgje utdanningsdirektoratet so er det krav om åta livredningsprøva og å vedlikehalde det kvar år.
  - I kva slags grad følgjer dykk desse reglane?
  - Korleis organisera dykk desse livredningsprøvane?
- Kva slags andre utfordringar møter dykk i forbindelse med symjeopplæringa?

#### Symjeundervisning:

- Kva slags tilgang har skulen til symjeopplæring?
- Kan du utdjupe rundt kor lenge dykk har hatt symjeundervisning?
  - Er det tydlige forskjellar på symjeundervisninga per i dag og for 20 år sida?
- I kva klassetrinn startar dykk med symjeundervisning?
- Korleis organisera dykk symjeundervisning i løpet av eit skuleår?
- Kan du utdjupe litt rundt kva klassetrinn som har/får symjeundervisning?
- Har elevane undervisning saman med andre klassar samtidig?
- Kor mange elevar er det per lærar?
  - Meiner du at det er tilstrekkelig?
- Endrar dette seg ved kvart klassetrinn?
- Har dykk elevar med spesielle behov?
  - I kva slags grad har dykk tilrettelagt symjeundervisning til dei med spesielle behov? T.d.: funksjonshemma, eller ved andre behov.

#### Avslutningsspørsmål

- Kva er størrelsen og djupet på bassenget dykk har symjeundervisning i?
- Har dykk symjetilbod i SFO?

## 7.2 Intervjuguide lærer

### Oppvarmingsspørsmål:

- Presentere oss sjølv
- Bakgrunnen vår?
- Informasjon om oppgåva

### Intervjuobjektet:

- Kven er du?
- Bakgrunn og kompetanse?

### Symjeundervisning:

- Kva tykker du ligg i ordet å vere symjedyktig?
- Når tykker du elevene burde vere symjedyktig?
- Kor mange lærarar er dykk per elever?
- Kor ofte har dykk symjeundervisning?
- Korleis organisera du symjeundervisninga til eleva som skal starte symjeundervisning på skulen?
  - Kva slags type symjeteknikkar lærer dei?
  - I kva slags rekkefølge lærar elevene dei ulike teknikkane?
- Kva materielle bruker du når du lagar opplegg til undervisninga? t.d.: NSF, ferdigheitsmerke(teknikkar), utdanningsdirektoratet?( sikkerheit/reglar), LK06, eigne opplegg for å nå mål?
- Har du eller har hatt undervisning ute? På kva slags måte organiserte du dette på?
- Kva type utstyr og hjelpemiddel har dykk tilgang til i undervisninga?
- I kva slags grad har skulen tilbod om kurs innanfor symjeundervisning til deg som symjelærar?
- I kva slags grad har du relasjonar til symjing på fritida?
  - På kva slags måte vedlikehalde du dine symje ferdigheit

### Tryggleik/ livredning

- Kva tykke du ligg i det å vere “trygg” i bassenget?
  - Kan du sei noko om kor mange av dine elevar kjensler seg “trygg” i bassenget?
- I kva slags grad lærar elevene seg relasjonane mellom verkelegheita og det å vere i eit basseng?
- Har du vore deltagar på kurs i livredning?
  - Og har dykk årlige kontrollar på livredningsprøva?
  - Kva slags grad meina du at dette er nødvendig for undervisninga?
- Ved eventuell ulykke, kva slags handlingar gjer dykk da?

### Læreplan:

- Har du tilstrekkeleg kunnskap om læreplanen slik at du kan tilfredsstillе dei ulike måla i symjeundervisninga?
- Ved eventuelt lite symjeundervisning tykker du at dykk får nådd måla til læreplanen?
  - korleis?
- I kva slags grad meina du at du følgjer læreplanen LK06 i symjeundervisninga?
- Meina du at kompetansemåla som står i LK06 er oppnåelege?
- Har dykk eit mål for kvar time slik at elevene har ein progresjon i utviklinga si?
- Kan du utdjupe rundt om korleis du tykker dei ulike klassane ligger ann i forhold til kompetansemåla?

### 7.3 Kartleggingsspørsmål til dei ulike kommunane i Sogn og Fjordane

Hei.

Vi er tre studentar frå høgskulen i Sogn og fjordane, avdeling Sogndal. Vi studerar Idrett og Kroppsøving, avdeling lærarutdanninga. I forbindelse med denne utdanniga held vi på å skrive ei avsluttande oppgåve (bacheloroppgåve). Denne oppgåva omhandlar prioritering av symjeundervisninga i Sogn og fjordane. Ut i frå dette har vi nokon enkle spørsmål til dykk, som vi håpar dykk kan svare på. Denne undersøkinga er anonym, det vil sei at kommunen ikkje vil bli navngitt i oppgåva.

Har skulane i kommunen tilgang til symjeundervisning (i form av basseng)? Viss ja, vert bassenga nytta?

Håpar dykk kan svare snarast mogleg.

Mvh:

Sara, Lise og Linn